

Norpipe Oljerørledning

Eigar	Norpipe Oil AS	
Operatør	ConocoPhillips Skandinavia AS	
Eigarar i Norpipe Oil AS	ConocoPhillips Skandinavia AS	35,05 %
	Total E&P Norge AS	34,93 %
	Statoil Petroleum AS	18,50 %
	Eni Norge AS	6,52 %
	Petoro AS	5,00 %
Investeringar	Totale investeringar ved oppstarten var om lag 17,8 milliardar 2010-kroner	
Levetid	Rørledningen er bygt for ei levetid på minimum 30 år. Den tekniske levetida til ledningen blir jamleg vurdert.	
Kapasitet	Designkapasiteten for oljerørledningen er om lag 53 millionar Sm ³ per år (900 000 fat per dag), inkludert bruk av friksjonsdempande kjemikal. Mottaksanlegga avgrensar kapasiteten til 128 776 Sm ³ per dag	

Norpipe Oljerørledning kryssar britisk kontinentalsokkel og kjem i land i Teesside i Storbritannia. Rørledningen kom i drift i 1975. Han er 354 kilometer lang og har ein diameter på 34 tommar. Utgangspunktet er Ekofisk feltcenter, der tre pumper er plasserte. Om lag 50 kilometer nedstrøms Ekofisk er det eit innkoplingspunkt for britiske felt. To stigerørinnretningar med tre pumper kvar har tidlegare blitt knytte til oljerørledningen, men er kopla ut, den eine i 1991 og den andre i 1994.

To britiskregistrerte selskap (Norsea Pipeline Ltd. og Norpipe Petroleum UK Ltd.) eig oljeutskipingshamna i Teesside og fraksjoneringsanlegget for utskiljing av NGL. Rørledningen transporterer olje frå dei fire Ekofisk-felta (Ekofisk, Eldfisk, Embla og Tor), frå felta Valhall, Hod, Ula, Gyda, Tambar, Tambar Øst og Blane samt frå fleire britiske felt.

(Avtale mellom Noreg og Storbritannia om levering av petroleum gjennom ein rørledning frå Ekofiskfeltet og områda rundt til Storbritannia (referert i St.prp. nr. 110 (1972–73) og Innst. S. nr. 262 (1972–73).)